

ruleg store skader etter brann i bustadhus på Eik.

21.04.2017



Det er truleg store skader etter brann i bustadhus på Eik i dag ettermiddag.

**Det er truleg store skader etter brann i bustadhus på Eik i dag ettermiddag. Branntroppen frå Uskedal, Rosendal og Husnes var straks på plassen etter brannen vart meldt i 15.30 tida. Det same var politiet og ambulanspersonale. Eigarane av huset var på plassen. Det er ikkje meldt om personlege skader.**



[Tropp Uskedal, Husnes og Rosendal vart kjapt på plassen og starta sløkking.](#)

Brannen starta i kjellaren. Røykutviklinga og open eld gjorde at ein straks måtte evakuera huset. Eigarane stod berre i det ein hadde på seg. I det kalde og sure veret fekk dei varme klede frå slekta og naboane. Røykdykkarar gjekk inn i huset og med god tilgang på vatn, vart brannen sløkt etter kort tid.

Skadeomfanget er ikkje kjend. Dermed kan ein ikkje sei noko om huset er totalt skadd eller om noko kan bergast. To bilar, som var parkert på tunet, fekk ikkje skade.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Kristian Bringedal



Det var ei tid stor røykutvikling på Eik.